







# Skjåk kommune

## PROTOKOLL KONTROLLUTVALET

<b>Møtestad:</b> Skjåk Energi	<b>Møtedato:</b> 5. april 2019	<b>Frå kl.</b> 1000	<b>Til kl.</b> 1130
----------------------------------	-----------------------------------	------------------------	------------------------

<b>Møteleiar:</b>	Knut Vindheim		
<b>Møteinnkalling (kunngjering)</b>	Møteinnkalling sendt 20. mars 2019		
<b>Til stades:</b>	I alt 4 medlemmar	Av desse 4 fast medlemmar	
<b>Andre frammøtte</b>	Skjåk Energi KF Lars-Egar Haugen Tordis Brandsar  Innlandet Revisjon IKS: Björg Hagen  Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.		
<b>Saker som vart handsama</b>	Sak nr./år: 17/2019 + open post		
<b>Merknader til møtebok</b>	Ingen		
<b>Vi sannar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.</b>	 Knut Vindheim  Arild de Presno  Arnfrid Austin  Torø Elin Dagsgard		

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til

- Medlemmane av kontrollutvalet
- Varamedlemmane av kontrollutvalet
- Ordføraren og rådmannen
- Innlandet Revisjon IKS

**Sakliste og protokoll frå siste møte:**

Det var ingen kommentar til innkalling, sakliste eller protokoll frå siste møte.



ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	4. april 2019	Kontrollutvalet	17/2019

## **SKJÅK ENERGI KF – REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2019**

### **Saksdokument:**

- Årsmelding 2018 med rekneskap og noter
- Protokoll frå styremøte

### **Saksframlegg:**

Rekneskapen til Skjåk Energi KF er eit særrekneskap. Det må settast opp etter rekneskapslova. I tillegg kjem reglar i energilova, kommunelova, forskrift om særbudsjett, særrekneskap, årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak og god rekneskapskikk i Noreg.

Etter forskrift om kontrollutval § 7 skal kontrollutvalet uttala seg om årsrekneskapen før den blir vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal være hjå formannskapet før dei gjer innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Innlandet Revisjon IKS konkluderer med at rekneskapen er i samsvar med lov og forskrift. Det gjev eit rett bilde av finansiell stilling.

Skjåk Energi KF har i 2018 overført kr. 6,6 mill. til eigaren Skjåk kommune. Foretaket har overført kr. 3 110 161 til eigenkapital.

### **Forslag til uttale:**

Til kommunestyret i Skjåk kommune

### **Uttale frå Skjåk kontrollutval til årsrekneskapen frå Skjåk Energi KF for 2018**

I sak nr. 17/2019 handsama kontrollutvalet årsrekneskapen til Skjåk Energi KF for 2018.

Grunnlaget for handsaminga er årsrekneskapen, årsmeldinga for 2018 og revisjonsmeldinga, datert 1.4.2018. Revisoren og økonomisjefen i Skjåk Energi KF supplerte munnleg i møtet.

Skjåk Energi KF syner i rekneskapen for 2018 eit overskot etter skatt på kr. 9 710 161 mot kr. 6 765 329 i 2017.

Eigenkapitaldelen er på 32 %.

Styret i Skjåk Energi KF innstiller på denne disponeringa av overskotet:

Eigaruttak (Skjåk kommune)	kr. 6 600 000
Overført til eigenkapital	kr. 3 110 161

Kontrollutvalet har ingen merknad til dette forslaget. Dei har heller ingen annan merknad til den framlagde årsrekneskapen for 2018.

#### **Handsaming:**

Administrasjonen i Skjåk Energi KF gjekk gjennom rekneskap og årsmelding, samt svara på spørsmål og avklarte forskjellige høve.

Dagleg leiar i Innlandet Revisjon IKS orienterte om revisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet presiserer at dei ser det gode samarbeidet mellom selskap og revisjonen.

Kontrollutvalet anbefaler framlegget til uttale.

**Uttale:**

Til kommunestyret i Skjåk kommune

**Uttale frå Skjåk kontrollutval til årsrekneskapen frå Skjåk Energi KF for 2018**

I sak nr. 17/2019 handsama kontrollutvalet årsrekneskapen til Skjåk Energi KF for 2018.

Grunnlaget for handsaminga er årsrekneskapen, årsmeldinga for 2018 og revisjonsmeldinga, datert 1.4.2018. Revisoren og økonomisjefen i Skjåk Energi KF supplerte munnleg i møtet.

Skjåk Energi KF syner i rekneskapen for 2018 eit overskot etter skatt på kr. 9 710 161 mot kr. 6 765 329 i 2017.

Eigenkapitaldelen er på 32 %.

Styret i Skjåk Energi KF innstiller på denne disponeringa av overskotet:

Eigaruttak (Skjåk kommune)	kr. 6 600 000
Overført til eigenkapital	kr. 3 110 161

Kontrollutvalet har ingen merknad til dette forslaget. Dei har heller ingen annan merknad til den framlagde årsrekneskapen for 2018.

Samrøystes.



# Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	4. april 2019	<b>Kontrollutvalget</b>	18/2019

## OPEN POST

Bestilling av forvaltningsrevisjon Næringsfondet. Presiserer at det avgrensast til nye/endra vedtekter. Revisor utarbeider prosjektplan.